Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12 — Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Aal

Emne: Gamal Engkultur — Bygdelag: Nordbygdi

Oppskr. av: Åsle Kirkedilen — Gard: Kirkedilen

(adresse): Leveld — G.nr. 64 — Br.nr. 3-4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Bygdi vor (Leveld) ligg i sudleg helding med nokso bratt lende. Gardarne eller gardstuni ligg i rad og rækkeleie umlag 100 mtr. upp fraa flatmyrarne. Nedanfor gardstuni er den inngjerda engi helst kalla jöl (jordet) og ovanfor husi er det meste av aakeren. Jordine er for det meste inngjerda med gamle steingjerde antil til utmarki ell. til granneeigedomar. Desutan har dei flest gardarne tvo, ja sume hadde tri, fire heimstölar som var rudt og inngjerda i heimehamni og vorte brukt til slaattemark, men mange av dessin stölarne er no attlagde. Likeso er det mange, som har inngjerda stölsvoll i fjellhamni.

1/. Ordet eng har nok vanleg vorte brukt her um all innmark baade heime og paa stölarne, der det var bra med gras. Men heime vert den mest kalla jöle (jordet) „ne paa jöle", ell. teig „ne paa teigi". Teig er no helst nemning paa eit visst engstykke t.d. „trimaalteigen", söre ell. nordre teigen o.s.b. I gamal tid daa dei ofte sto meling var det

2069

vanleg nemningar ein markateig ell. ein dalarsteig. Vart ein aaker attlagd til gras=mark ei tid, so kalla dei det „eikeri" ell. att=legje. Ein stad uppi heimehamni der det har vori braate aaker i gamal tid kallar dei enno „uppaa eikero." Naar dei la att ein aaker ell. del av aaker ^eit aar^, so „kvilde" dei aakeren og kalla det stykke „kjaalve" (kjaalvelegning). Der det var mykje og feit gras kalla dei „fjukeing" t. d. tett nedanfor fjöset, ja det meste av jordet, og foret derifraa var hev=defor, aa dei hadde det i ein sers stae ell. i eit sers rom, for det skulde gjöymast til ut paa veteren naar kyrni kalva. Likeso var det med foret av kjaalverne (kjaalvefor), og foret av stölsvollarne i fjellet (fjellforet). Uvandare för hadde sammanan „skrapfor", so som fintopfor og staarrfor. Utslaattar vart kalla all slaatt i hammekagar, myrar og etter bakkjer og gjel i skogen, stutt sagt alt som ikkje var inngjerda.

2). Rydning. Noko stor ryddang i utslaattarne har vist ikkje vori. Naar det vart slegi kvart aar, so vart alle skogörene nedslegne, og vart det likevel eindel vier og rabb, so hogde ell. riste dei um hausten aa köyrde det heim til ris aat kyrni ell til ved. Paa engi og innmark, sovel som paa stöls=vollar har det nok i gamal tid ogso vorti arbeidt mykje med aa bryta upp stein, det visar alle dei röisar og steingjerder som er uppsette. Men det vart vel helst stein, som var i overflaten og som dei

2069

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

A II.

orka med, med dei jordbruksreidskap dei daa hadde. Det var vist ukorveleg mykje stein i jordi her i gamal tid. Som döme kan nemnast, at min bestefar Asle Strand, som kom her i 1836 toke straks til aa arbeide vekk mykje stein. Dei tok store gröfter baade paa jordet og nede paa myrene aa sökte ned stein. Min far fekk braate vel so fri maal steinfull mark, og fraa eg tok ved garden i 1893 til 1930 hadde ~~maa~~ me braate upp, minert sundt og köyrt vekk ikring 8000 lass stein, med ~~~~ kan me ogso bruke slaamaskina paa heile jordet. Det er berre vel 30 maal stort.

3. Mosevaksen eng.

Nu nokon raad mot mose hadde me ikkje, anna ell aa bryte upp marki. Slikt som kjöpt grasfrö bruktest ikkje her fyr etter 1900, og det kom ikkje mykje ibruk fyr i 1920 aari. Naar dei hadde eit lite nybrot, som dei vilde skulde grasbinde seg, so sopte dei ofto saman „höimaa" paa löngolvet aa saadde ut over stykket.

4/. Myr og vatsjuk eng. Vatning.

Det er eindel store myrar nederst paa eigedomarne her i bygdi. Dei vart uttappa og for det meste ~~af~~ gröfta og uppdyrka fyr eg minnes, altso fyr 1880. Det vert fortalt, at det var min bestefar, som fekk folk til aa tappa ut myrarne truleg i 1850–60 aari. Desutan var det vist han som fekk teki eindel gröfter (veitar) lenger



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

uppe paa jordet, so det er truleg, at det var eindel gröfting og nybrotsarbeid her i midten av fyre hundradaaret. Nokon vatning av eng veit eg ikkje har vori bruket.

5/. Gjödsling.

Ja. Engi (jordet) vart gjödsla kvar haust, og det har vist vori bruket fraa gamal tid aa brukast enno. Sosnart kyrni hadde beit haai (haan, haane) um hausten, so köyrde dei ut all den möki, som laag att under fjöset etter fyre veter. Den hadde daa legge aa „brunne" noko, so den smuldrast uppe, naar dei spreidde den utover engi. Kor mykje det skulde gjödsle er ikkje godt aa segja, hadde dei mykje mök, spreidde dei tjukt, men hadde dei lite, so laut dei spreda tunnare.

Sauemöki (tallen) hadde dei helst paa myrarne dei som hadde slike, elles so spreidde dei den paa grasmarki. Tallen laut gravast smaa isar naar den vart spreid paa engmarki. No har dei oftast ei gamal treskemaskin aa let tallen gaa gjönom, daa vert den fin.

6/. Noko anna namn paa slikt för ell „hevdefor", har eg ikkje höyrt.

7/. Nokon sers tanki um det, trur eg ikkje dei hadde, men sjölvsagt laut det no vera engmark ell jord som kunna arbeidast til eng nedanfor fjöset, der dei hadde „landtrakket" fraa gjödseldynga.

Dei la nok ofte aakrarne i bakkar ell — paa haugar, men det var vist helst fordi at dei trudde det var sikrare til korn der.

2069

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

XXI.

8/. Helst um hausten. Dersom dei hadde batt (sauemök) aa ha utover var det um vaaren. Det var umlag dei sama reidskap til eng og aakergjödsling. Mökaslum var og er umlag som ein vanleg sle, men lidt mindre, med ei tverrfjöl fremst og ei bak. So var det tett bott med ei fjöl (flasine) paa kvar side festa til slearemmane med tvo vidjer. Desse flasinarne slo dei upp, naar dei laste paa lassët. No seinare har me noko breidare fjölar som me set paa kant, ei paa kvar side. So var dei helst tvo til aa köyra ut möki. Dei hadde daa kvar sin trereku, som dei laste paa lassët med aa spreida den so utover engi. Det kalla dei aa „mökabreie“.
Det var tungvint og trevaligt aa arbeida med slike trereku, men kva tid dei fekk spade veit eg ikkje so sikkert, truleg i 1870-80 aari. Min morbror Torstein Lappegaard, som var smed, laga jernskodning paa rekurne „jödnskoreku“. Dei laga daa ei lett reku av bjørk. So tok han eit jernstykke aa smidde det tunt i den eine kant. i den andre kant hogde han eit skar i, der reku vart sett i, og so ein tangi, som gjekk uppover paa sidorne og festa med spikar. Desse rekurne var sjölvsagt mykje betre ell trereku. Eg hugsar me hadde ei slik her ikring 1880 som nok var ibruk endaa. Men so vart det greip (eit) mökagreip. Slike fekk me her so i 1890 aari, aa daa vart det umlag slutt baade med reku og spade til mökaköyring.

2069
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Dette var det hugsar og har höyrt um reidskaperne. Arbeidsmaaten med mökakö̈yring og spreiding er umlag den same no som i gamal tid med gjödsling av naturleg eng. Var det lang mökaköyring so raakte det, at dei köyrde ut ein del mök um veteren aa la den i store haugar elle velte lassi av enkeltvis aa spreidde den utover marki so snart snöen rniste um vaaren. Etterkvart som snöen minka burt um vaaren laut dei passe aa raka sundt möki fyr den vart turr og hard. Dei hadde daa ei vanleg rive aa raka og brödde sundt möki. Hadde den vorte turr og hard laut dei ha med mökalampar(ar) aa slaa den sundt. Mökalampar var ein björke-stav med ein liten krok i enden. Eg skreiv ifjor ei liti utgreiding til Nils Lid um mökalampar og bruken av den.

Fleiring 1920 aari fekk me kjöpt mökaharv (mosekarv) so no er det dei fleste som köyrer sundt möki med harven, so det vert lite raking.

9/. Ja. Mor fortalde at i 1850-60 aari brukte dei ofta aa sleppe kyrne ned paa jordet eit bel fyre dugurdin, dei „löyste dugurn", som dei sa. Dette var tidleg paa vaaren, naar det vart lite for „forlöyse", og ~~d~~ hamni i heimehagarne var daarleg. Men so lenge eg hugsar, har ingen slept kyrne paa jordet um vaaren. Sauerne derimot fekk beite paa jordet til aakeren tok til „renne" (gro, spire) aa det var mat i heimehamni.

2069

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

VIII.

~~10/.~~ Aarsaki til at dei i gamal tid beitte um vaaren var vel helst, at det jamnast vart lite fôr „forlöyse", so dei laut berga krytiri fram fraa den maaten. Det var nok sume, som hadde den tru, at engi vart fjukkare, ved det, at krytiri beitte um vaaren. Men ved det, at det vart beitt, so kom slaatten mykje seinare, og det vart jamt lite haam (ettersl aatt).
10/. Det vart vist heilt slutt med, at krytiri fekk beite det inngjerda jordet um vaaren i 1870 aari og i 1930 aari vart og so sauen utestengd fraa innmarki um vaaren. Um hausten derimot, naar alt var innhausta let dei alle krytir beite jordet like til snöen kom. No i dei sidste aari, etter, at det har vorte so mykje tilsaadd eng (kunsteng) er det nok mest slutt med haustbeiting og so.
Stölsvollarne baade heimstölar og fjellstölar har aldri vorte beitt um vaaren, men so snart dei hadde slegi og faatt inn fôret, so slepte dei krytiri inn paa vollen. Utslaattarne vart nok vanleg beitt, men fraa heimstölhamni reiste alle krytir til fjells so ved jonsok bel so aa slo dei der sidst paa sumaren. I fjellhamnirne var det nok sume, ~~som~~ myrar elt gjel t.d. etter ein bakk, som dei laut gjæte, so det ikkje vart beitt mykje fyr det var slegi. I dei sidste 20-30 aar er det mest slutt med utslaatt i hamnerne. Sjaa meir um dette i utgreidingi mi um Staarslaat.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

11/. Ja, isar paa stölarne. Dei sidste dagarne fyr dei buförte heim, maatte dei fara over vollin aa slaa sundt og spreide ut=over alle mökaraporne baade paa vollin og i kveen. Det var no oftast gjetleguten som hadde det arbeidet. Han hadde daa ein mökalarnpar til aa slaa med. Det var, som fyr sagt ein björkelurk ell stav med ein liten krok ell böyg i endin. Den möki som var ved fjöset vart ogso köyrd ut om hausten og spreidd over vollin.

12–13/. Som fyr sagt hadde dei fleste gardar her fleire heimstölar, og bytte daa paa sölids, at dei var paa den eine um vaarin og ein annan um hausten. Dette var for aa faa hevda (gjödsla) paa fleire stader. Fjös hadde dei nok som oftast i alfall paa ein av stölarne, men det var oftast smaae og uvande fjös, so um hau=sten lét dei helst kyrni ligge ute paa vollin og um vaaren hadde dei kveen dei hadde kyrni inn i, sauerne hadde dei i höye. Meir um dette seinare. Grunnen til at dei gamle dagar rudde og gjerda inn so mange stölsvollar i heime=hamni var vel for aa skaffe seg meir slaatt=emark, men etter som folkehjaalpi minka og arbeidslönerne steig, so synteost dei vel, at det ikkje lönte seg aa halde hus og gjerde paa so mange stader, helder ikkje aa leiga slaattefolk paa slike skrapslaatt. Stölsvoll kallast ogso „gjeil" kanskje det er det gamlaste namnet „eit inngjeil".

2069

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

# V.

Kor lenge det er, sidan stölar „inngjeld“ vart rudt og inngjerda, er ikkje godt aa segja, men mange er vist övert gamle. Ein heimstöl vor heiter Gunnarstölen. Det gaar segn um, at i 1500 aari var det ein her, som heitte Gunnar og at det er etter honom stölen har namn. Men dei fleste heimstölar trur eg vart rudt og bygt ikring 1700 og utover. Eg ser eit delingsdokument millom Leveld og Vats av ~~1715~~, 1699. Der staar det i kjennelsen: „Nysetli dei skal höyre til Leveld, dog saa at Haukjem og Espegaard, som er de öste garder, beholder deres hidtil havte og opprödte sæterstöler i Nysetlien, hvorimod de ei bör formene de andre Leveldinger at opprödde sig sæter til deres gaardes nödtörft.“ No er det ikring 20 stölar der, og alle rudt aa inngjerda fyri mine dagar. Mange av heimstölarne er no dei sidste 20-30 aari attlagde, „lagt i feburte“, og dei gamle husi raatna ned ell vert rivne og burtköyrde, berre dei gamle steingjerder ligg att, som eit minne um vore fedres slit og kamp for tilvære. Som sagt so har no dei fleste gardarne berre ein heimstöl i bruk, men der har dei vanleg gode hus baade stölsbu og fjös. Mange har plögt og arbeidt upp stölsvollen, so dei no fer meir for av den eine vollen ell dei fekk av tri, fire av dei gamle stölarne.

Ja dette vart nok ein heil del utanum spyrjelista, men eg tenkte, kanskje det hadde interesse aa vita korleids stölsdrifti har utvikla seg gjönom tidi.


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Grindgang og kveing.

14/. I gamal tid, brukte dei jamt kveen paa stölarne, som dei hadde storkrytiri inn i um vaaren. „Fenan", fena er samnamn for sau og gjeit, hadde dei i „köye". Um haustem laag kyrne ute paa stölsvollen, naar det var godt ver. Fenan maatte dei nok mange stader „köye" d.v.s. ha i köya um hausten ogso. Naar dei skulde buföre paa stölen um vaaren, laut kararne fylgja med aa setja upp kveen og köye. Kveni sette dei upp i ein utkant paa vollen, helst so det vart lett framkomst til fjöset. Kveni kunna vara stor ell liten etter kor mykje krytir dei hadde, gjerne ½ ell 1 maal etter som lende var. Dei sette upp staurlag aa sette sveg paa av vierkvistar aa la raiter upp der tvo ell tri högder. So maatte det vara eit le i stölsgjerde der krytiri kom inn og ut og so eit paa den kanten der fjöset var.

„Höya" som var aat „fenae" (fena er samnamn paa sau og gjeit) sette dei upp i ein utkant av kvei, ell ein annan stad paa vollen, der dei gjerne vilde faa uppgjödsla. Höya vart uppsett av höyegrindar og og laut flytjast kvar dag ell annankvar dag etter kor stor höya var, og kor mykje fena dei hadde. Dei laut flytja, naar den vart for „bortut". Höyegrindarne var gjort slik: Dei tok tvo firkantar, umlag 3 x 3 tommer treke, högde fem hol i kvar. So felte dei grindispöli i holi i stolpo, bara hol gjönom stolpen aa slog pinnar i. Paa midten av grindi la dei ei spildre paa kvar side aa slog spikar igjönom.

2069

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

VI.

Grindispölarne var smale fine bord helst av gran. Dei hadde vanleg fem spöli i kvar grind og grindi var umlag 3½ mtr. lang. So vridde dei herkar av viu ell. briok aa hadde paa stolparne til aa halda saman höya, ei hork uppaa og ei under. Ei passeleg stor höye var fem grindar, som dei sette i ein ring, fleire ogso um dei hadde mykje fenа. Naar dei skulde ha fenаr inn ell ut av höya, maatte dei ta upp ei hork aa lata upp ei grind. Eg har nok sett at sume hadde laga „skutlegrind", men slike var det vist ikkje mange som hadde. Dei var laga slik at dei kunna skutle (skuve) fram og attende tvo spöler, den andre og tredie nedanfraa til aa so smatt fenаr ut og inn der. (sjaa ridset) I kvea og höya, stod og laag krytiri um netterne og naar dei kvilde eit bel um dagen. Var det uver, so laut dei no ha inn i fjöset kyr og gjeiter, ja ofto mjölka dei ogso i fjöset. Naar dei reiste til fjels ved jonsok bel, so rudde dei kveni og höyorne, det vil segja dei spreidde utover og raka möki. Var det for mykje so la dei ein del i haugar aa spreidde den utover att um hausten. Det vart jamt mykje gras der kvene og höyorne hadde vori isar andre og tredie aaret. Dei vekslar derfor so dei ikkje var paa sama staden kvart aar.
Langstölarne her ligg i fjellet, der me har alle krytir um sumaren. Dei fleste ligg i sud for Reineskarvet og Blaabergi og er fraa ½ mil til 1 mils veg fraa bygdi. Me kallar det i kimfjelli ell. „kuna brandn".



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Men eindel stölar ligg nordanfor desse fjelli, og dei er ein 2-3 mil fraa bygdi, aa me kallar det „burta brandsi".
Dei fleste av stölarne i heimfjelli har innhegna slaattevollar ell. „gjelir". Alle desse stölar har visst hatt fjös i lange tider, men likevel hadde dei kvein og höye aat krytiri like til i 1908-10 aari, daa det vart meir slutt med gjeting. Sauerne gaar no for det meste frit i fjellet og kyr og gjeiter kjem til stölen att, naar dei skal mjölkast aa dei har dei daa inn i fjöset um netarne.
Den tidi dei kvea kyrn og höya feran, var det sama gjerdi, som paa heimstölarne, dei köyrde ut den möki, som vart um sumaren spreidde den utover vollen aa slo sundt den möki, som laag att etter krytiri. Um vaaren maatte dei burt paa stölarne sosnart snöen reiste, aa raka sundt möki. Det er nok sama gjerdi no, anna ell det, at dei no brukar möhakk o.s.v. Det verd myke mök paa stölarne um sumaren, so dei som har smaa gjelir fer ikkje nytte ut all möki paa vollen. Det er daa sume, som ligg „mökakjaalve". Dei köyrer mykje mök paa eit stykke, der det er lite gras, so marki verd heilt dekt av mök. So let dei det liggja slik over ein sumar, Andre sumaren verd det bra med gras der.
Dette brukast tildels enno. I langfjelli „burta brendi" var det berre ein tvo tri stölar der dei brukte aa slaa. Det var ikkje inngjerda -

2069

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

VIII.

vollar. men dei hadde tvo vollar eit stykke fraa kvarandre, og sö bytte dei um stölen kvart aar sölvidt, at dei sat paa ein stöl og slo den andre. Men det var mykje arbeid med dette, fyrst laut daa gjetleborni passe, sö ikkje krytiri beitte paa den vollen dei skulde slaa, aa sö laut dei halde hus paa tvo vollar. No er det over 20 aar sidan dei slutta med slaatten der burti. Men det var bra med det, at dei fekk nytte ein del av all den gjödsel, söm vert um sumaren.
I langfjelli har dei aldri brukt kven ell höye men krytiri fekk gaa frit. men sö laut dei vara ute baade dag og not, fjös var det nok ikkje mange söm hadde der fyr i 1900 aari, Me fekk fjös paa langstöli i 1911.
I heimfjelli vart det slutt med kvening og höying, daa dei slutta med gjeting sö i 1910–20 aari, men i heimehamni og paa heimstölarne, var det nok i bruk med kven og höye like til 1925 og vel det.
15–16.) Nei noko slikt. söm nemnt her har eg ikkje höyrt um. Det er nok ymsi segnir fraa „skrubbetidi,“ t. d. at dei hadde uppe stor varme utpaa vollen um kveldarne.
17). Gjetleborni fekk jamt med seg ein matbete, söm niste i langöykti (etter dugurd) og naar dei kom paa stölen att om kvelden aa hadde faatt inn krytiri sö fekk dei vanleg stölsmat i stölsbudi.
18). Nei, noko slikt har ikkje höyrt um.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

19/. Som fyr nemnt er namnet stöl dit sama som säter. Ordet trad, „trae" er brukt mykje her, som namn paa eit mindre inngjerda stykke. For ikring 20 aar sidan hadde dei eit lite inngjerda stykke ved kvar gard, som dei kalla „kalvetrae". Det var til aa ha kalvarne i um vaaren til dei reiste til fjelö. Arbeida dei upp eit stykke aa sette gjerde ikring, so var dit trae, likeso um dei gjerda inn eit stykke til stölen, so var det stölstrae, men sjölve stölsvollen er ikkje trae, det er „gjeli" stölsgjela. Namne hage (hagji ein) vert mykje brukt her ikkje berre paa kjökenhage ved stuguveggen for slike har me ikkje hatt her fyr no dei sidste aari, men hamnehagar. Um dei har vorte uppdyrka, so kallast du likvel hage. „Ni hagö" ell „upp i hagö". Mange smaabruk kallast Hagen, og dette er vel uthagar som er uppdyrka.

20/. Dette spursmaalet er svara paa so godt eg kan i sp. 13–14. Som fyr sagt, so vart den inngjerda slaattemarki i heimstölhamni ell i fjellhamni kallast stöl, stölsvoll, stöls=gjeli. Dei fleste stölarne er svert gamle. I dit fyr nemnde dokument av 1715 er inntak eit skoyte paa stölen Reine fraa 1644.

21/. Nei slike gjödsel har me ikkje her.

Ja dette var den utgreiding som eg kan gje paa dette emne. Det er daa isar um korleids det har vori brukt i gamle dagar. No er det nok stor skildnad med vekselbruk og maskindrift.

2069

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



Skuttegrind

2069

2069

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Bu. Aal.

Asle Kirkedelen

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Karet hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverike. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ? Nei.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

2070
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ? Nei.

Har ein bruka kumøkk til brensel ? Ja, i Langfelli der det var lite med ved, brende dei nok nøgleje kumøk i gamle dagar. Hadde det vore turt ver ei tid naar me buførde til fjels so mokke me fjøsing og sume mjølkarsporde etter fjor=sommaren. Me smurde dei med ein staur ut ein fjølbrotstubb og la dei gjerne uppaa steinar so dei turkast fort. Me kalla dei daa „skjura", og dei brann som turr ved. Daa dei 1880 aari tok til med bøyr, vart det mykje slutt med „skjura". Det vart sagt at naar dei kalla møki paa stølarne i Grimsfjelli og ho var for turr, so kalla dei den sassan og brende den.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING